



## Referat

<b>Møte/utval:</b>	<b>Strategisk samarbeidsutval</b>	
<b>Møteleiar:</b>	Tanja Thalèn Siv Jensen	
<b>Referent:</b>	Karethe Kristoffersen Aam	
<b>Møtenummer:</b>	1/2024	
<b>Dato:</b>	24.01.24	
<b>Tid:</b>	09.00 – 12.00	
<b>Stad:</b>	Teams	
<i>Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
<b>Namn</b>	<b>Tittel</b>	<b>Møtt</b>
<b>LSU Volda</b>		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	
Siv Jensen, <i>nestleiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	
<b>LSU Ålesund</b>		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	
<b>LSU Molde</b>		
Tanja Thalèn, <i>Leiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	
<b>LSU Kristiansund</b>		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund, einingsleiar Aure	
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund, prosjektleiar DMS Kristiansund	
<b>Brukarrepresentant kommune</b>		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	
<b>Brukarrepresentant helseføretak</b>		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	
<b>Fastlege/PK</b>		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	
Thilde Svella, fast vara	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	
<b>Observatør Statsforvaltaren</b>		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	
<b>Felles samarbeidssekretariat</b>		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, Felles samarbeidssekretariat	
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	
Bjørn Buan	Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	



## Referat

Bodil Haugen Våge	Leiar samarbeidssekretariatet/ Samhandlingskoordinator (SR)/felles sekretariatsfunksjon kommunane Rådgevar Ålesund kommune	
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og "7 stjerna"	
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	

## Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
	<p>Velkomen!</p> <p>Leiar av SSU, Tanja Thalén, ønske velkomen og informerte om at vi har med oss to gjester i møtet i dag:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Lene Solheim – nestleiar i FU for barn og unge vil halde ein presentasjon på sak 3/24</li> <li>Gunn Hege Marchand – leiar for arbeidsgruppa for rapport om behovsvurdering spesialisert rehabilitering vil halde ein presentasjon på sak 5/24</li> </ul> <p>Elles har det vore ei omorganisering hos Statsforvaltaren. Framover blir det Karin Muller som deltar som observatør i SSU i staden for Grete Teigland.</p>	0900	Tanja Thalén
01/24	<ul style="list-style-type: none"> <li>Innkallinga vart godkjent</li> <li>Det vart ikkje meldt saker til eventuelt</li> <li>Referat frå SSU 22.11.23 vart godkjent</li> </ul> <p>Sjå referatet <a href="#">HER</a></p>	0905-0910	Tanja Thalén
02/24	<p><b>Orienteringssak:</b></p> <p>Revisjon av samarbeidsavtalen mellom HMR HF og kommunane i Møre og Romsdal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Status og framdrift</li> </ul> <p>Forhandlingsleiar Stian Endresen innleia med å seie litt om føremålet med å ha ein samarbeidsavtale mellom kommunar og</p>	0910-0930	Stian Endresen, leiar Forhandlingsutvalet


**Referat**

	<p>helseføretak og at det er lovpålagt å ha ein samarbeidsavtale.</p> <p>Vidare informerte Endresen om at forhandlingsutvalet stort sett er samde om hovudavtalen og delavtale 2-5. Det står attende noko arbeid på delavtale 6 kva gjeld samarbeid om ØHD/KAD og beredskapsplan ved fulle sjukehus og stort press på helsetenestene i kommunane.</p> <p>Når det gjeld delavtale 1 står partane langt frå kvarandre. Begge partar har derfor kome med forslag om å vidareføre delavtale 1 slik den ligg føre pr. i dag.</p> <p><b>Vedtak:</b> SSU tek orientering om status i arbeidet med revisjon av samarbeidsavtale til vitande.</p>		
03/24	<p><b>Orienterings- og drøftingssak:</b> Fagleg samarbeidsutval for barn og unge</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Prioriteringar og resultat</li> <li>- Dialog og spørsmål</li> </ul> <p>Solheim informerte om prioriteringar og resultat i fagleg utval for barn og unge. Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p>Det kom spørsmål om arbeidet med palliativ plan for barn og unge har vore kopla opp mot arbeidet med palliativ plan for vaksne. Solheim kjenner ikkje til at det har vore eit samarbeid der. Det er barne- og ungdomsavdelinga som har utvikla palliativ plan for barn og unge.</p> <p>Vidare kom det spørsmål om betydinga av å ha ei aktiv prosjektgruppe/arbeidsgruppe for implementering av <a href="#">barn og unges helseteneste</a>. Solheim seier at det har vore avgjerande.</p> <p>Statsforvaltaren signaliserte interesse for samarbeid med fagutvalet, men informerte om at dei har mindre tilskot å gi.</p> <p>Det kom opp spørsmål om <a href="#">«Barneblikk satsinga»</a> skal inngå i barn og unges helseteneste. Førabels er «Barneblikk» sett i</p>	0930-1010	Lene Solheim, nestleiar



## Referat

	<p>drift i Ulstein, Ålesund, Kristiansund og Molde kommune. Det var ønske frå prosjektgruppa om breidding til heile fylket, men der var ikkje kapasitet og ressursar å avsjå til dette føremålet verken i DPSane eller i kommunane. «Barneblikk» er pr. i dag ikkje ein del av barn og unges helseteneste og det er geografiske forskjellar i tilbod om «Barneblikk» til familiar i Møre og Romsdal.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. SSU tek orientering frå fagleg samarbeidsutval for barn og unge til vitande.</li> <li>2. SSU oppmodar FU for barn og unge til å ta kontakt med styringsgruppe for Barneblikk med det føremål å sjå på mogelegheiter for å breidde tilbodet.</li> </ol> <p>Ønske om tilbakemelding innan 01.06.24, sak i SSU 12.06.24.</p>		
	<b>PAUSE</b>	1010-1020	Tanja Thalén
04/24	<p><b>Orienterings- og vedtakssak:</b> Felles handlingsplan Helsefelleskap Møre og Romsdal</p> <p>Gudrun Karlsen presenterte felles handlingsplan og forslag til vedtak.</p> <p>Det vart ein lengre diskusjon om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kor vidt arbeidsgruppa som har jobba med handlingsplanen skal vidareførast</li> <li>• korleis SSU skal bruke felles handlingsplan som eit strategisk verkty</li> <li>• korleis dei faglege utvala skal jobbe vidare med sine handlingsplanar inkludert avgrensing/prioritering av mål og tiltak.</li> <li>• kor vidt ein bør endre malen for handlingplanane dei faglege utvala nyttar slik at den har ei meir prosjektbasert utforming (t.d.</li> </ul>	1020-1100	Gudrun Karlsen, leiar arbeidsgruppe



## Referat

	<p>innehalde ein framdriftsplan og evt. kostnadsplan).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>føremålet med å opprette eit teamsområde for dei faglege utvala på noverande tidspunkt når det etter alt å døme blir store endringar organisering og tal på utval frå 2025.</li> </ul> <p>Vi konkluderte med følgende vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>SSU tek samanstilt felles handlingsplan til vitande.</li> <li>Felles handlingsplan skal leggst ved årsrapporten for Helsefelleskap Møre og Romsdal 2023.</li> <li>SSU tek attende saka i møtet 13.03.24 kva gjeld vidare oppfølging av felles handlingsplan og statusrapportering.</li> </ol>		
5/24	<p><b>Orienterings- og drøftings sak:</b> Behov for spesialisert rehabilitering og kjøp frå private rehabiliteringsinstitusjonar</p> <p>Oppfølging av sak 33/23 i SSU om pågåande arbeid med vurdering av framtidige behov for spesialisert rehabilitering og kjøp frå private rehabiliteringstenester.</p> <p>Prosjektleiar Hege Marchand gav ei detaljert orientering om vurderingane som er gjort. Sjå vedlagt presentasjon og <a href="#">rapporten</a> som no er publisert på Helse-Midt si nettside. Rapporten skisserar følgjande ønskte endringar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Kortare opphald             <ul style="list-style-type: none"> <li>Får fleire gjennom</li> </ul> </li> <li>Meir bruk av digitale verkty             <ul style="list-style-type: none"> <li>Riktig og viktig for pasientar</li> <li>Kartlegging, oppfølging</li> </ul> </li> <li>Dreining mot dagopphald og poliklinikk             <ul style="list-style-type: none"> <li>Dag + overnatting</li> </ul> </li> <li>Betre samhandling med kommunane             <ul style="list-style-type: none"> <li>Start i spesialisthelsetenesta, oppfølging lokalt</li> </ul> </li> </ul>	1100-1140	Gunn Hege Marchand



## Referat

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Krev kompetanseoverføring og auka kapasitet?</li> <li>• Satse på tidlig rehabilitering</li> </ul> <p>Det kom spørsmål om ein i rapporten har tatt høgde for at Norge skal ta imot mange flyktningar frå Ukraina og at ein del av desse vil ha behov for spesialisert rehabilitering (t.d. krigstraumer og kreft). Marchand svarte at ein må utarbeid eigne planar når det gjeld beredskap.</p> <p>Statsforvaltar Karin Muller er glad for at det takast høgde for komande <a href="#">nasjonalt pasientforløp for ME</a> i rapporten.</p> <p><b>Vedtak:</b> SSU tek saka om behov for spesialisert rehabilitering og kjøp frå private rehabiliterings-institusjonar til vitande</p>		
6/24	<p><b>Orienteringssak:</b> Status Nasjonal helse- og samhandlingsplan.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva har vi fått så langt?:</li> </ul> <p><a href="#">Prop. 1 S (2023 –2024) Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak</a> <i>1.3 Regjeringen vil bygge videre på helsefelleskapene og bidra til at de blir en drivkraft for tjenesteutvikling og felles planlegging til det beste for pasienter og brukere.</i></p> <p>Innspel ?</p> <p><b>Denne saka vart utsett.</b></p>	1120	Bodil Haugen Våge
07/24	<p><b>Informasjon om neste møte 13.03.24.</b> Innspel i møtet til saker til SSU?</p> <p><b>Forslag til saker:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonal helse og samhandlingsplan</li> <li>• Framlegg høyringsbrev og utkast revidert Samarbeidsavtale 2025-2028.</li> <li>• Oppfølging av sak 4/24 Felles handlingsplan</li> <li>• Pakkeforløp kreft heim – arbeidsgruppe oppretta av SSU er</li> </ul>	1140	Tanja Thalén



## Referat

	<p>avslutta- kven tek arbeidet vidare, ein er langt frå i mål med implementering.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppdrag gitt til FU for psykisk helse og rus – ønske om statusrapport for framdrift.</li> <li>• Årsrapport Helsefelleskap Møre og Romsdal 2023</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. SSU 13.03.24 gjerast om til eit teamsmøte. Fyrste del skal omhandle samarbeidsavtalen og det inviterast breiare til denne delen. SSU 12.06.24 gjerast om til fysisk møte.</li> <li>2. Sekretariatet jobbar vidare med program jf. innspel.</li> </ol>		
	<p><b>Takk for møtet!</b></p>	<p>1200</p>	<p>Tanja Thalén</p>